



Statsforvaltaren i Rogaland

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Vår dato:

24.03.2021

Vår ref:

2021/1940

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kontakt saksbehandlar

Anfinn Rosnes, 51 56 89 80

Nasjonal jordvernpris 2021 – kandidat frå Rogaland

Vi viser til VØI for 2021 der vi blir bedt om å sende inn eit grunngjeve forslag på kandidatar til nasjonal jordvernpris. Vi har via vår nettstad og Facebook-side oppmoda folk til å kome med forslag til kandidatar, og det er kome inn fleire forslag. Fleirtalet av forslaga fell utanfor kriteria for ordninga, og det ikkje kome forslag som vi finn å nominere. Vi har ut i frå vår kjennskap diskutert oss gjennom fleire kandidatar frå Rogaland, og vi har kome fram til at vi vil foreslå **Rogaland fylkeskommune** som kandidat.

Regional jordvernstrategi ein viktig milepæl

Den viktigaste grunnen til vårt forslag er Rogaland fylkeskommune sitt arbeid med **Jordvernstrategi for matfylket Rogaland**, med endeleg samråystes vedtak i fylkestinget 12. juni 2019. Dette kan seiast å vere ein [merkedag for jordvernet i Rogaland](#). Det er her vedteke eit mål om at omdisponering av jordbruksareal innan 2022 skal vere under 400 dekar i året i Rogaland, inkludert omdisponeringa innan landbruket. Jordvernstrategien peikar ut tre hovudområde for innsats:

- Kunnskapsformidling
- Jordvernomsyn i planar
- Utfordre landbruksnæringa

Utarbeiding av jordvernstrategien blei gjort i godt samarbeid mellom Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren, og med god medverknad frå aktuelle aktørar. I vedtaket i Fylkestinget kjem det elles fram at det er behov for eit betre rapporteringssystem over utbygging på jordbruksareal når dette faktisk skjer. Dette har gitt grunnlag for at det nå er merksem og prosessar knyta til eit betre rapporteringssystem, og det etablert dialog med NIBIO for utgreiing av eit nytt system.

Vår vurdering er at dette viktige arbeidet frå Rogaland fylkeskommune har gitt auka merksem på jordvern i regionen, og at jordvern i aukande grad også har fått politisk merksem. Eksempelvis gjeld dette utnytting i område som er avklarte for utbygging.

Regionalplanlegging med jordvern på dagsorden

Rogaland fylkeskommune har gjennom mange år hatt ei sentral rolle knyta til jordvern i regionen, særleg gjennom arbeidet med regionale areal- og transportplanar. *Fylkesdelplan for langsiktig*



byutvikling på Jæren, vedteken oktober 2000, var første plan i landet der det var trekt langsiktig grense for landbruk på regionalt nivå. Grensa er seinare formalisert og kartfesta i alle dei aktuelle kommunane.

Jordvernål frå jordvernstrategien er teken vidare i nyleg vedteken [*Regionalplan for Jæren og søre Ryfylke*](#), der det nå er lagt opp til at kvar kommune skal drøfte sitt eige jordvernål ved revisjon av kommuneplan. Planorådet omfattar her eit av dei viktigaste landbruksområda i landet, med anslagsvis 10 % av det nasjonale husdyrhaldet. Regionalplanen har klart mål om redusert tap av jordbruksjord til utbyggingsføremål, og også tydelege retningsliner knyta til arealbruk i landbruksområde. Jordvern er også framheva som eit viktig omsyn i dei andre regionale areal- og transportplanar.

Planforum viktig reiskap for jordvernet

Rogaland fylkeskommune har gjennom dei siste to åra gjort eit godt arbeid for å få merksemld på planforum som eit dialogpunkt i krevjande saker, noko som den siste tida har vist seg å gi resultat. Her er det høve til å ha ein tidleg dialog mellom sektorstyresmakter og kommunar, m.a. for å avgrense tap av jordbruksjord.

Det er framleis ein del krevjande saker knyta til jordvern, logisk nok i eit pressfylke som Rogaland. Og det kan hevdast at Rogaland fylkeskommune i større grad kunne veklagt jordvern i enkelte saker, men vår vurdering er likevel at Rogaland fylkeskommune har løfta jordvernet monaleg.

Oppsummering

Kvifor fremje Rogaland fylkeskommune som kandidat:

- Samrøystes vedtak i Rogaland fylkesting om regional jordvernstrategi i juni 2019
- Konkret jordvernål på maks 400 dekar
- Initiativ for å få etablert eit betre rapporteringssystem for årleg tap av jordbruksjord
- Jordvern godt framheva i regionalplanlegginga
- Aktiv styring av vekst og utviklingsretning i regionalplanar
- Auka fokus på effektiv arealutnytting og redusert transportarbeid
- Planforum som viktig verktøy i jordvernet

Med helsing

Lone Merethe Solheim
statsforvaltar

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger